



DEN NORSKE KYRKJA  
Lindås kyrkjelege fellestråd

Lindås kommunestyre  
v/ rådmann

Knarvik 15. oktober 2015

**SAK Framlegg til festeavgifter og andre avgifter ved gravplassforvaltninga  
frå 01.01.2016**

Lindås kyrkjelege fellestråd gjer framlegg om nye satsar for avgifter og gebyr knytt til gravplassforvaltninga. Dei satsane som gjeld no er frå 2008, og det er lita tvil om at utviklinga på dette området har vore stor i denne perioden.

Jfr. Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (GL) §21, er det kommunestyret som fattar endeleg vedtak om satsar for festeavgifter og andre avgifter for gravferds-forvaltninga etter framlegg frå kyrkjeleg fellestråd.

Lindås kyrkjelege fellestråd har henta inn opplysningar om motsvarande satsar frå eit utval kommunar i distriktet som det er naturleg å sjå i retning av.

Lindås kyrkjelege fellestråd har i møte 16. juni 2015, Lkf – SAK 51/15 godkjent framlegg til nye satsar for avgifter og gebyr i samband med gravplassforvaltninga. Dei nye satsane vert innført trinnvis over to år, første gong frå 1. januar 2016 jfr. vedlegg 1.

Med venleg helsing

Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje i Lindås

Vedlegg 1: Tabell nye avgifter gravplass

Vedlegg 2: Om gravplassforvaltninga